

Vår dato:

21.08.2020

Vår ref:

2019/981

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Til mottakarar etter liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hugo Morken, 5557 2117

## Vedtak om grensejustering – kommunegrensa mellom Ullensvang kommune og Eidfjord kommune – Ytre Bu

Fylkesmannen viser til tidlegare korrespondanse om den ovanfor nemnde saka.

### Fylkesmannen i Vestland gjer med dette følgjande vedtak:

**Kommunegrensa mellom Ullensvang kommune og Eidfjord kommune vert endra slik at gnr. 229 i Ullensvang kommune vert ein del av Eidfjord kommune. Ny grense i sjø vil følgje eigedomsgrensa på land, i same retning ut i sjøen, til den treffer grensa mot Voss herad midt i fjorden. Endringa tek til å gjelde frå 1. januar 2022.**

### Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for saka er eit initiativ frå innbyggjarane på gnr. 129 i dåverande Ullensvang herad (no gnr. 229 i Ullensvang kommune), Ytre Bu, dagsett 02.03.2018. Initiativet gjeld ønske om grensejustering av kommunegrensa mellom Ullensvang kommune og Eidfjord kommune, slik at gnr. 229 vert ein del av Eidfjord kommune. Etter framlegget frå grunneigarane skal ny kommunegrense følgje eksisterande private eigedomsgrenser.

Kommunane vart orientert om initiativet ved Fylkesmannen sitt brev av 26.03.2018.

Eidfjord kommunestyre behandla saka i møte den 19.03.2018 (sak 18/016). Det vart gjort følgjande vedtak:

*«Eidfjord kommunestyre er positive til søknaden frå innbyggjarane på Ytre Bu, om grensejustering mot Eidfjord kommune frå 01.01.2020»*

Ullensvang heradsstyre behandla saka i møte den 14.05.2018 (sak 27/2018). Det vart gjort følgjande vedtak:

*«Ullensvang herad ynskjer at Fylkesmannen handsamar søknaden om innbyggjarinitiativet frå innbyggjarane på ytre Bu om grensejustering til Eidfjord kommune frå 01.01.2020.»*

Fylkesmannen har bede Kartverket om å utarbeide forslag til ny kommunegrense i samsvar med initiativet. Kartverket gjorde ved brev av 29.03.2019 framlegg om ny kommunegrense. Kartverket sitt framlegg var meint å følgje dei private eigedomsgrensene for gnr. 229 mot andre gardar i Ullensvang kommune. Kartverket peikte likevel på at det i det aktuelle området var fleire fiktive grenser (hjelpeliner) i matrikkelen. Matrikkelen hadde derfor store manglar når det gjeld eigedomsgrenser i dette området. For å få grenser som ville vere av god nok kvalitet for å danne ny kommunegrense måtte derfor dei private grensene klarleggjast etter reglane i matrikkellova. Vidare måtte grensegangsak frå jordskifteretten frå 1979 matrikkelførast, og jordsameige registrerast med eige matrikelnummer. Dette måtte gjerast før det eventuelt kunne gjerast endeleg vedtak om grensejustering. Kartverket gjorde ikkje framlegg til ny kommunegrense i sjø, då dei meinte kommunane burde ha høve til å uttale seg om dette, og eventuelt bli einige om ei grense. Også dette måtte avklarast før det eventuelt kunne gjerast endeleg vedtak om grensejustering.

Fylkesmannen sende ved brev av 23.04.2019 på høyring framlegg om å imøtekomme initiativet om grensejustering i samsvar med framlegget frå Kartverket. Føresetnadane for forslaget var at det var semje mellom kommunane om ei slik løysing, at dei private grensene vart klarlagd m.v. i samsvar med Kartverket sine merknader i brev av 29.03.2019, og at kommunane vart einige om eit forslag til ny grense i sjøen.

Ullensvang heradsstyre behandla framlegget i møte den 17.06.2019 (sak 41/2019). Det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. Ullensvang heradsstyre har ikkje merknadar til ei grensejustering av Ytre Bu til Eidfjord kommune.*
- 2. Ullensvang heradsstyre ber rådmannen sjå på manglar i matrikkelen og deretter gjera dei korreksjonar og målingar som er naudsynt.*
- 3. Ullensvang heradsstyre ber rådmannen komme med framlegg til grense i sjø i samarbeid med Eidfjord kommune.»*

Eidfjord kommunestyre behandla framlegget i møte den 17.06.2019 (sak 19/036). Det vart gjort følgjande vedtak:

- «1. Eidfjord kommunestyre har ikkje merknadar til ei grensejustering av Ytre Bu til Eidfjord kommune.*
- 2. Eidfjord kommunestyre ber rådmannen sjå på manglar i matrikkelen og deretter gjera dei korreksjonar og målingar som er naudsynt.*
- 3. Eidfjord kommunestyre ber rådmannen komme med framlegg til grense i sjø i samarbeid med Ullensvang herad.»*

Ved brev av 24.09.2019 opplyste rådmannen i dåverande Ullensvang herad at rådmennene i dei to kommunane hadde hatt dialog om kor grensa i sjøen skulle gå, og at det var semje om ei grense. Det vart opplyst at Ullensvang heradsstyre vart orientert om grensa i møte den 23.09.2019. Heradsstyret hadde ingen innspel eller motsegner til framlegget. Vidare vart det opplyst at manglar i matrikkelen/grensa på land ville verte kontrollert.

I e-post av 27.02.2020 stadfesta rådmannen i Eidfjord kommune at det var avklart mellom kommunane kor grensa i sjø skulle gå.

Ved brev av 19.06.2020 frå Ullensvang kommune vart det opplyst at matrikkelen no er oppdatert i samsvar med Kartverket sine krav.

Kartverket har ved brev av 29.07.2020 uttala at det nye grenseforløpet kan godkjennast slik det no ligg føre.

### **Avgjerdsmynde**

Etter inndelingslova § 6 kan Kongen gjere vedtak om justering av grenser mellom kommunar. Ved forskrift 10.03.2017 nr. 313 pkt. 2, jf. forskrift 30.08.2019 nr. 1096 pkt. 2, er fylkesmennene delegert mynde til å treffe avgjerd i «*mindre saker om justering av kommunegrenser når det er semje om ei løysing*».

Vilkåra for at Fylkesmannen skal ha kompetanse til å treffe avgjerd i saka er såleis for det første at det er tale om ei «*mindre sak*» om grensejustering, og dernest at det er «*semje om ei løysing*».

Ut frå ei samla vurdering av dei opplysningane som ligg føre, under dette mellom anna storleiken på det arealet som er omfatta av initiativet om grensejustering og talet på innbyggjarar som vert påverka, vurderer vi den aktuelle saka for å vere ei slik «*mindre sak*» om grensejustering der Fylkesmannen er delegert mynde til å treffe avgjerd.

Av dei uttalene vi har motteke i høyringa legg vi til grunn at det er semje om den løysinga som Fylkesmannen gjorde framlegg om.

På dette grunnlag legg vi difor til grunn at Fylkesmannen har mynde til å treffe avgjerd om grensejustering i denne saka.

### **Økonomisk oppgjer**

Etter inndelingslova § 18 skal det ved ei grensejustering gjennomførast eit økonomisk oppgjer mellom kommunane, dersom dei ikkje finn det uturvande. Kommunane avgjer såleis sjølve om det er trong for eit økonomisk oppgjer. I utgangspunktet er det vidare opp til kommunane på eiga hand å prøve å kome fram til ein avtale om det økonomiske oppgjeret. Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-10/15 s. 45 flg.

Dersom kommunane ikkje vert samde, vert det økonomiske oppgjeret fastsett av ei fast skjønnsnemnd oppretta av departementet, jf. inndelingslova § 18 andre ledd. Nærmare reglar om samansetjinga av skjønnsnemnda og overskjønnsnemnda er gitt i inndelingslova §§ 23 og 24. Materielle reglar og kriterium som skal leggjast til grunn ved skjønnen er gitt i inndelingslova §§ 19-22. Kravet om skjønn må vere sett fram innan eitt år etter at vedtaket er sett i verk, jf. inndelingslova § 23 første ledd.

For nærmare rettleiing om reglane om det økonomiske oppgjeret, viser vi til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-10/15 kap. 6.

### **Tidspunkt for iverksetjing**

Kartverket har i sitt brev av 29.07.2020 vist til at både kommunane og Kartverket må ha tilstrekkeleg tid til å legge til rette for dei tekniske endringane i matrikkelen før vedtaket skal tre i kraft.

I rundskriv H-10/15 kap. 3.6 har departementet gitt uttrykk for den normalordning at eit vedtak om grenseendring ikkje bør setjast i verk før andre årsskiftet etter at vedtaket er fatta.

På dette grunnlag fastset Fylkesmannen at grensejusteringa vert gjeldande frå 01.01.2022.

### Klagerett

Dette vedtaket kan klagast på til Kommunal- og moderniseringsdepartementet av dei kommunane som er omfatta av vedtaket. Klagen skal stilast til departementet, men sendast til Fylkesmannen i Vestland. Klagefristen er seks veker frå kommunen fekk informasjon om vedtaket.

Kopi av dette vedtaket vert også sendt til Vestland fylkeskommune, Kartverket, Statistisk sentralbyrå, Skattedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og innbyggjarane på Ytre Bu til orientering.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Anne Kjersti Sande  
fung. seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:			
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
SKATTEETATEN	Postboks 9200 Grønland	0134	OSLO
Innbyggjarane på Ytre Bu v/ Marit Bu Oppedal	Eidfjordvegen 569	5780	Kinsarvik
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
STATISTISK SENTRALBYRÅ	Postboks 2633 St. Hanshaugen	0131	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

### Mottakarliste:

Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA